



# Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Stølsheimen verneområdestyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Stølsheimen
<b>Dato:</b>	28.08. og 29.08.2023
<b>Tidspunkt:</b>	Frå kl.10:30 28.august til kl.16.00 29. august

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval vert gjennomført med tur i Stølsheimen 28. og 29. september. Oppmøte ved Skjelingen på Viakfjellet kl. 10.30 28. september, og retur til Skjelingen ca. kl. 16.00 29. september.

Styremøtemøte og dialogmøte vert i turisthytta på Selhamar. Det er ikkje nett på turisthytta, og dårleg mobildekning. Styremedlemene må ta med tilsendte sakspapir til møtet.

Forfall til møtet:

Petter Sortland - Høyanger kommune  
Liv-Anne Aanesen og vara - Modalen kommune

Orienteringar:

- Status tiltaksarbeid og budsjett
- Renovasjonsordning for veglause grender i Stølsheimen landskapsvernområde.



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 18/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 19/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 20/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 10/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen-Åsedalen - motorferdsel - stiarbeid		2023/9435
RS 11/23	Tilbakemelding om søknadsplikt - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Eksingedalsvassdraget - senka vass-standen under innløpsterskel		2022/9567
RS 12/23	Orientering frå Vik kommune - slått av innmarka og konsesjonsvilkår i Finnabotnen		2022/575
RS 13/23	Dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval 28. og 29. august 2023		2019/18547
ST 21/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - badestamp		2023/12201
ST 22/23	Stølsheimen landskapsvernområde Finnen - fasadeendring hytte - Vik 68/11		2023/8527

**ST 18/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 19/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 20/23 Orienteringar og referatsaker**



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Onstadvegen 25  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3129  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

BERGEN OG HORDALAND TURLAG  
Tverrg 4-6  
5017 BERGEN

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2023/9435-2 432.2

Dykkar ref.

Dato 27.06.2023

## Delegert vedtak

Delegasjonssak	9/2023
----------------	--------

# Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen-Åsedalen - motorferdsel - stiarbeid

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre  
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Bergen og Hordaland Turlag løyve til inntil 9 landingar med helikopter i samband med steinlegging av stien mellom Hallsetstølen og Åsedalen. Løyvet gjeld ein dag i periden 05.07 til 31.08.2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transport av stein med helikopter frå Nabbansoi til den T-merka stien mellom Hallsetvatnet og Åsedalen.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Det skal meldast frå til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen på tlf. 97097720, seinast dagen før oppstart av arbeidet. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane og villrein.
- Det skal sendast skriftleg rapport til sekretariatet innan 1. oktober 2023. Rapporten skal innehalda opplysningar om tal landingar med helikopter, og transportruta.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.

## Dokumenter i saken

- Søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Bergen og Hordaland Turlag*, 13.06.2023
- Dispensasjon – Stølsheimen landskapsvernområde – Åsedalen-Hallsetstølen – utbetring av sti, saksprotokoll 17/23, Stølsheimen verneområdestyre 09.06.2023



## Søknaden

Bergen og Hordaland Turlag søker om løyve til å transportera stein med helikopter frå Nabbaonosi til T-merkt sti mellom Åsedalen og Hallsetstølen. Stølsheimen verneområdestyre gav løyve til tiltaket i møte 09.06.2023. Steinen skal plukkast under Nabbanosi. Så langt det er mogleg, skal steinen plukkast utanfor vernegrensa til Stølsheimen landskapsvernområde.



Figur 1 Kart med teikna flygeruta og landingsplass for helikopter. Raud markør er område med steinlegging. Kopi frå søknad.

Turlaget søker om inntil 9 landingar med helikopter på stien søraust for Åsedalen. Det skal leggjast stein på ei strekning på om lag 700 meter.

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017

### Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:  
«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av



*tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».*

Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsel på land og innsjøar er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «*naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre*» jf. pkt. VI nr. 6.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Turlaget har fått løyve av Stølsheimen verneområdestyre til å legge stein i stien for å avgrensa slitasje der stien går gjennom myrete og våte parti. Det er lite stein i nærleiken av stien, og det må difor transporterast stein til stien med helikopter. Tiltaket i denne saka er handsama av verneområdestyret, og søknaden om transport vert difor handsama som delegert vedtak.

Kunnskapen om landskapsvernområdet er kjent gjennom forvaltningsplanen, rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), og tidlegare erfaring med motorisert ferdsel i området. Området er innanfor Fjellheimen villreinområde, men det er ikkje kjente registreringar av villrein i dette området. Transportperioden er i tillegg utanfor den mest sårbare tida for villrein, og vil difor ikkje vera til stor skade på villrein om den skulle vera i nærleiken.

Det er registrert andre sårbare naturtypar eller artar (naturbase 27.06.2023) som vil verta påverka av helikoptertransport. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vart vurdert som godt for å vurdera saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga på området og økosystemet jf. nml. § 10. Denne delen av Stølsheimen er eit mykje nytta friluftsområde. Det er mange som nyttar dette området til turgåing, fiske og jakt. Tiltaket må gjennomførast i barmarkssesongen, og det er vanskeleg å unngå tursesongen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogleg. Motorferdsla i samband med tiltaket er vurdert som naudsynt, og det er ikkje mogleg å unngå uro den tida transporten pågår. For å redusera dei negative konsekvensane, må arbeidet gjennomførast med færrest moglege turar, og til ein transportdag. Med dei avgrensingane som er lagt i vilkåra, er den samla belastninga på naturmiljøet vurdert som akseptabel.

Nml. § 11 er ikkje vurdert i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føre til miljøforandringar.

Transport av stein med helikopter er vurdert som ein miljøforsvarleg metode jf. nml § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten pågår. Transporten er avgrensa til ein dag, og med kort transportrute.



Forvaltar meiner det føreligg særlege grunnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta til motorferdsel i samband med tiltaket med å utbetra stien. Forvaltar vurderer motorferdsla til å vera i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta punkt VI nr. 6.

### Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Køyrebok helikopter Stølsheimen Ivo

Kopi til:

Bergen og Hordaland Turlag v/Torill Refsdal Aase  
Vik kommune  
SNO Aurland  
Statsforvaltaren i Vestland

Tverrg 4-6      5017    BERGEN  
Postboks 134    6891    VIK I SOGN  
Njøsavegen      6863    LEIKANGER  
2

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og  
Raudafjell





**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

EVINY AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/9567-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 27.06.2023

## **Tilbakemelding om søknadsplikt - Stølsheimen landskapsvernområde - Vassøyane - Eksingedalsvassdraget - senka vass-standen under innløpsterskel**

Viser til korrespondanse vi har hatt i samband med vedlikehaldsarbeid på damanlegget i Vassøyane, og senking av vasstanden i samband med arbeidet. Stølsheimen verneområdestyre sendte førespurnad til Miljødirektoratet med spørsmål om vurdering av søknadsplikt for tiltak i tilknytning til vasskraftanlegg innanfor Stølsheimen landskapsvernområde.

Brevet med svar frå Miljødirektoratet ligg vedlagt. Dei har vurdert senking av vasstanden i samband med vedlikehaldsarbeid på anlegget som søknadspliktig tiltak etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Svar på spørsmål om søknadsplikt - Stølsheimen landskapsvernområde

Kopi til:  
NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST  
Statsforvaltaren i Vestland

Naustdalsvegen 6800 FØRDE  
1B  
Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER

Frå: Veronika Seim Bech[Veronika.Seim.Bech@vik.kommune.no]

Sendt: 03.07.2023 13:00:11

Til:

'ejengvik@hotmail.com';alexander@finnabotnen.no[ejengvik@hotmail.com;alexander@finnabotnen.no]

Kopi: Kristoffer Ullern Hansen (kristoffer.ullern.hansen@miljodir.no)

[kristoffer.ullern.hansen@miljodir.no];nils.kvamme@gmx.net[nils.kvamme@gmx.net];Nornes, Anbjørg[anbjorg.nornes@statsforvalteren.no];

Tittel: Meir om slått av innmarka og konsesjonsvilkår i Finnabotnen

---

Hei Alexander Munster-Dahl og Einar Engvik

Det har skjedd svært mykje positivt i Finnabotnen etter eigarskiftet som var på eigedomane for få år sidan, og i samarbeid med Stølsheimen landskapsvernområde!

Eg fyl her opp på Anbjørg Nornes si presisering om slått av innmarka ved å minna om vilkåra som vart sett i vedtaka om konsesjon. Der sette ikkje kommunen vilkår om buplikt, men i staden for vart det vilkår om at «*Kulturlandskapet skal skjøttast og bygningane haldast ved like i tråd med Skjøtselsplan for Finnabotnen (2002), jf. også Jordlova § 8 og § 8a om driveplikt på jordbruksareal*».

Her er ei lenke til råd om skjøtsel av gamal kulturmark som kan vera nyttig (Ps: de kan ikkje søkje på RMP-tilskotsordninga, det er for dei som driv matproduksjon på areala/ordinær gardsdrift)

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/skjult-side---landbruk/tilskot-til-slatt-av-slattemark--gjeld-slatt-av-slattemark-og-lauveng-registrert-i-naturbase/>

De kan og lesa meir om driveplikt her, eit tema det vert stadig meir fokus på:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/landbruk-og-mat/landbrukseigedommar-og-buplikt/driveplikt-pa-jordbruksareal/>

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål. Lukke til og god sommar!!

Vh Veronika Seim Bech  
Landbrukssjef i Vik kommune  
Tlf 90910709



**Stølsheimen  
verneområde**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområde  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129  
sfv/post@statsforvalteren.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2019/18547-0 432.2

Dykkar ref. «REF»

Dato 10.08.2023

## Dialogmøte Stølsheimen verneområde og rådgjevande utval 28. og 29. august 2023

Rådgjevande utval (RU) for Stølsheimen vert med dette kalla inn til dialogmøte med Stølsheimen verneområde. Møtet er lagt til Selhamar på Vikafjellet 28. og 29. august. Måndag 28. august møtest vi i Skjelingen ved avkøyring frå Rv. 13. Frammøte her kl. 10.30. Vi fyller opp bilane og køyrer felles på anleggsvegen inn til enden av Kvilesteinsvatnet. Frå parkering til Selhamar er det ca. 2 timar å gå. På vegen stoppar vi og ser på kulturminne i Gryteberg. Dersom det er fint ver, kan vi ta ein tur opp på Raudberget.

Overnattinga vert i turisthytta på Selhamar. Alle må ta med sovepose/lakenpose og personleg utstyr for overnatting på hytta. De må ha kle og sko til å gå i fjellet, og vera kledd etter veret. Alle tek med niste for turen, brødmatt og pålegg for to dagar. Det er mogleg å kjøpa pålegg, kaffi og te på hytta. Vi lagar felles middag av middagstilbod som er i provianthylla på hytta.

### Program for samlinga

Programmet for desse to dagane vert tilpassa vêret. Fylgjande punkt er planlagt:

- Synfaring til Eviny sitt anlegg i Vassøyane
- Synfaring på sti under Raudberget
- Møte i RU og val av nestleiar for to år. Meld frå innan 14. august om det er saker de vil ta opp i dette møtet.
- Møte i Stølsheimen verneområde

Vi skal vera tilbake til parkeringa ved Rv.13 ca. kl. 16.00

Ber om svar frå alle inviterte **innan 21. august** om de deltek på dialogmøtet eller ikkje. Det er viktig at alle gjev tilbakemelding innan denne datoen, slik at vi får tinga overnatting på turisthytta.

Gje melding om eventuelle matallergiar. Svar sender de til underteikna på e-post eller telefon. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til samlinga.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Villreinemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Statsforvaltaren i Vestland v/Tom Dybwad  
Voss Utferslag  
Administrativt kontaktutval for Stølsheimen

Mottakerliste:

Stølsheimen verneområdestyre v/Sigbjørn Hauge  
Stølsheimen verneområdestyre v/Liv-Anne Aanesen  
Stølsheimen verneområdestyre v/Marta Sofie Vange  
Stølsheimen verneområdestyre v/Petter Sortland  
Stølsheimen verneområdestyre v/Kristina Vakt skjold Hamre  
SNO Aurland  
Eviny v/Sissel Hauge Mykletun  
Grunneigarar Modalen v/Anders Steinsland  
Grunneigarar Vaksdal v/Arne Nesheim  
Villreinutvalet for Fjellheimen v/Hildegunn Muggås  
Statsforvaltaren i Vestland v/Øistein Aasland  
Ortnevik Utmarkslag v/Joar Oppedal  
Bergen og Hordaland Turlag v/ Johnny Bjørge  
Naturvernforbundet Hordaland/Sogn og Fjordane  
Myrkdalen grunneigarlag v/Lars Kn. Mørkve  
Høgskulen på Vestlandet v/Lisbeth Dahle  
Grunneigarlag Vik v/Ola Engum  
Villreinemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell v/Olav J. Bøtun  
Verneområdeforvaltar Jorunn Vallestad  
Verneområdeforvaltar Maria Baudonnel Underdal



Arkivsaksnr: 2023/12201-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 21.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	21/23	28.08.2023

## Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - badestamp

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avlag på søknaden om badestamp på gnr. 67 bnr. 3 i Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Vedtaket er samtidig å rekna som eit varsel om retting av tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 69.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om badestamp i Finnabotnen, *Gullveig Tenold*, 01.08.2023.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009.
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017.
- Skjøtselsplan for Finnabotnen i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4 – 2003.
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, veileder fra Miljødirektoratet, M106-2014.
- Brev frå Miljødirektoratet, Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48, 14/3524-, 2015.

Etter å ha blitt gjort oppmerksame på at badestampen dei sette opp i Finnabotnen i sumar er søknadspiktig, har me fått inn søknad om å behalde den.

Søkjar har sendt inn fylgjande søknad:



*«I sommer satte vi som nå kjent opp en badestamp på vår eiendom i Finnabotnen 3, Vik i Sogn. Denne sees fra fjorden. Derfor valgte vi med ekstra omhu farger og materialer, slik at stampen skulle bli en naturlig og pen del av miljøet. Stampen vil snart bli mye mindre tydelig da den er bygget av ubehandlet gran, nøyaktig som huset.*

*Det vi IKKE visste da vi bestilte den, var at badestamper er regnet som «fremmedelemer» i norsk sammenheng. Vi har hele veien med prosjektet i Finnabotnen gjort vårt aller beste for at huset og eiendommen skulle settes i stand i henhold til god byggeskikk i området. Vi ønsker derfor å beklage at vi ikke hadde bedre innsikt ift badestampen. Det var aldri meningen å trumfe gjennom noe som ikke var greit - dette var ren uvitenhet fra vår side. Vi ble derfor svært overrasket og lei oss da vi fikk beskjed om at badestampen var «feil» og tok kontakt med Anbjørg Nornes samme dag.*

*Badestampen var en stor investering i en aktivitet som er fin å tilby også senhøst og vinter når det ellers er krevende å bruke naturen rundt oss i Finnabotnen. Iom at vi nå er informert om at stampen helst ikke burde vært der den er, søker vi om følgende: For at stampen skal bli minimalt eller helt usynlig fra fjorden foreslår vi å plante ripsbusker foran den. Disse vokser fint og villig i Finnabotnen og gir i tillegg en god matauk. Vi kan naturligvis også love å fjerne pipen på stampen når denne ikke er i bruk.*

*Vi håper på positivt svar på denne søknaden og nevner samtidig at vi setter pris på at Stølsheimen har sin hånd om vårt kjære sted slik at det beholder særegenheten og ektheten i en verden i stor og rask forandring.*

*Vedlegg: Tre bilder av stampen*







## Lovgrunnlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III: «Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. punkt IV nr.1. Badestamp er ikkje omtalt i verneforskrifta, og tiltaket må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen som er § 48 i naturmangfaldlova: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Finnabotnen er ein av to busette grender innanfor Stølsheimen landskapsvernområde. Det er to gardsbruk i Finnabotnen, og ein eigedom med bustadhus. Det er denne eigedomen, gnr. 67 bnr. 3, som søker om å få ha ståande badestampen dei sette den opp i sommar. Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit ..fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep». Det er forbod mot inngrep som kan endra landskapet. Badestampen er ikkje eit større teknisk inngrep og tiltaket aleine kan falle inn under bagatellmessige inngrep. Forvaltar vurderer difor at det er heimel for å vurdere om vilkåra i § 48 er oppfylt. I denne saka kan det vera aktuelt å vurdere dispensasjon etter fyrste ledd og fyrste alternativ: «ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig».

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde og skjøtselsplanen for Finnabotnen. Det er ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar i nærområdet som vil verta påverka av tiltaket (Naturbase 18.08.2023). Det er heller ikkje freda kulturminne som vert påverka av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastning på økosystemet av tiltaket jf. nml. § 10. Badestampen er eit lite tiltak som står på grasbakken utfor huset, og vil ikkje ha direkte verknad på økosystema i naturlandskapet rundt. Det er ikkje gjort fysiske inngrep i terrenget for å plassera badestampen, og den er difor eit reversibelt tiltak som lett kan fjernast. Den samla belastninga på økosystemet er vurdert som akseptabelt.

Det må i tillegg vurderast om saka kan gje presedens for tilsvarande saker, og om fleire badestampar i dette landskapsvernområdet kan endra landskapets art og karakter, og slik





vera i strid med verneføremålet. Denne saka kan også gje presedens for andre landskapsvernområde. I Nærøyfjorden landskapsvernområde er det gitt løyve til å sette opp badestamp på Øvste Stigen. Dette er ein høgdegard utan innlagt vatn, og badestampen vart vurdert som viktig tiltak for å heva standarden for dei eigarane som driv aktivt skjøtsel av kulturlandskapet på garden.

Finnabotnen og Finnen er område med gardsbruk, og som har hatt fast busetnad. Det er berre i Finnen det er busette i dag. Bustadhuset i Finnabotnen har innlagt vatn og straum. Badestamp er difor ikkje naudsynt for å heva standard for bustadhus til dagens standard. Eigedomen i Finnabotnen vert nytta som fritidseigedom, og badestampen er ynskjeleg for å auka opplevinga. Det er forståeleg at søkjar ynskjer å behalda badestampen dei har sett opp, og dette eine tiltaket vil ha liten verknad på landskapets art og karakter i Finnabotnen.

Den er sett nær den utvida plattingen på gjestehuset, som er tett på og inn over eigedomen deira. På oversiktsbilde av Finnabotnen er badestampen lite dominerande i landskapsbilde.

Argument som talar mot å gje løyve til badestampen, er at saka vil kunne gje presedens for tilsvarande saker i dette og andre landskapsvernområde. Det er fleire hus og hytter i dei busette områda nede ved fjorden som i dag vert nytta som fritidseigedom, og der kan det potensielt koma søknad om badestamp. Samla sett vil det gje negativ påverknad på landskapets art og karakter. Når ein skal vurdere om dispensasjon skal bli gitt må ein ta ei skjønsmessig vurdering. Da er det også relevant å vurdere behovet for tiltaket opp mot tiltaket si påverknad på verneføremålet og verneverdiane. Badestampen ser ikkje ut til å dekke eit tydeleg behov i forhold til at det vil skape presedens for tilsvarande saker. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn av tiltaket er i strid med verneføremålet, og at det difor ikkje er heimel til å gje løyve til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48.

Nml. §§ 11-12 er ikkje vurdert i denne saka, då det er innstilt på avslag på søknaden.

## Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-10, meiner forvaltar tiltaket vil ha verknad på landskapets art og karakter, og er med det i strid med verneføremålet for Stølsheimen landskapsvernområdet. Forvaltar innstilling på avslag i saka med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2023/8527-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 21.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	22/23	28.08.2023

## Stølsheimen landskapsvernområde Finnen - fasadeendring hytte - Vik 68/11

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev avlag på søknaden om utviding av terrassen på hytta på gnr. 68 bnr. 11 i Finnen i Stølsheimen landskapsvernområde. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Stølsheimen verneområdestyre gjelv løyve til å skifte ut to vindauge i hytte på gnr. 68 bnr. 1 i Finnen i Stølsheimen verneområdestyre. Løyvet er gitt med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld følgjande vilkår

- Vindauga på nordveggen på hytta kan skriftast ut med vindaug som er 20 cm større i høgde enn det som står i bygget i dag. Vindauga skal vere i same stil som vindaug eller på bygget.
- Restmateriale og avfall skal fraktast ut av området, og leverast på godkjent avfallsanlegg.
- Det skal sendast rapport med bilde til Stølsheimen verneområdestyre straks arbeidet med å sette inn nye vindaug er slutført.
- Frist for å slutføre arbeidet og sende inn rapport, er 01.11.2024.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:


- Søknad om fasadeendring, Finnen 68/11, datert 31.05.2023.
- Uttale frå Fylkeskommunen, Kulturminnefagleg vurdering, datert 07.06.2023.

Søknaden vert vurdert etter:



- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990.
- Naturmangfoldlova av 19. juni 2009.
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 – 2017
- Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, veileder fra Miljødirektoratet, M106-2014.
- Brev frå Miljødirektoratet, Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48, 14/3524-, 2015.

Det er søkt om fasadeendring på ei hytte i Finnen.



Figur 1 Kart over Finnafjorden, med hytta i Finnen. Kopi frå fylkesatlas

Utdrag frå søknad:

1. som vedlikehold må me byte ut ein rotten bjelke som ligg under terrasse på nordsida av hytta. På samme tid kunne me tenkja oss å bygge altanen ut ca 1 meter, like langt ut som noverande trapp. Må då også flytte noverande trapp tilsvarande.



2. har også ynskje om å byte ut to glassruter på samme side til to som er litt djupare, men med lik utsjånad( ca 15 -20cm djupare ned på veggen. ) Dette for å få sleppe inn litt meir lys i stova og for lettare å «få inn» den nydelege utsikten og naturen me har rett utanfor hytta vår.

Bilete frå søknaden:





## Lovgrunnlaget

Føremålet i Stølsheimen landskapsvernområde er definert i verneforskrifta punkt III:  
*«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».*

Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter *«så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...»* jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materiale kan gjennomførast utan særskilt løyve. Endring på fasade på hytter er ikkje omtalt i verneforskrifta, og tiltaket må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen som er § 48 i naturmangfaldlova. I denne saka kan det vera aktuelt å vurdere dispensasjon etter fyrste ledd og fyrste alternativ: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, ...».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Finnen ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Finnen er eit landbruksområde, med tre gardsbruk, og nokre få hytter. Der er berre på det eine gardsbruket det er aktiv landbruksdrift i dag. Hytta på gnr. 68, bnr. 11 er bygd i område ned mot fjorden. Hytta har eit enkelt preg, og er lite dominerande i landskapet i Finnen. Nye vindaug og terrassen er ikkje større teknisk inngrep og tiltaka aleine kan falle inn under bagatellmessige inngrep. Forvaltar vurderer difor at det er heimeleg for å vurdere om vilkåra i § 48 er oppfylt. I denne saka kan det vera aktuelt å vurdere dispensasjon etter fyrste ledd og fyrste alternativ: *«ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig».*

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Det er ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar i nærområdet som kan vera påverka av tiltaka (Naturbase 16.08.2023). Tiltaket påverkar heller ikkje freda kulturminne. Vestland fylkeskommune har ingen kommentar til tiltaka på hytta. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.

Forvaltninga skal vurdere den samla belastning på økosystemet av tiltaket jf. nml. § 10. Større vindaug og utviding av terrassen vil ikkje ha direkte verknad på økosystema i naturlandskapet rundt. Den samla belastninga på økosystemet er vurdert som akseptabelt.

Det må i tillegg vurderast om saka kan gje presedens for tilsvarende saker, og om det er fleire som kan søkja om bygge terrasse eller utvide terrasse i dette landskapsvernområdet. Dersom det er aktuelt for fleire bygg, kan terrassar vera med og endra landskapets art og karakter, og slik vera i strid med verneføremålet. Denne saka kan også gje presedens for andre landskapsvernområde. I Finnabotnen vart det gitt løyve til å utvida plattingen framfor gjestehuset. Utvidinga av plattingen framfor gjestehuset i Finnabotnen vart vurdert til ikkje å



skapa presedens, då det berre er dette og eit serveringslokale i Finnen som driv med næringsverksemd. Det er også lagt vekt på at eit uteområde er viktig for gjestehuset for å leggje til rette for oppleving og rekreasjon for gjestene.

Det er bygd plattingar ved dei fleste turisthyttene i Stølsheimen. Dette er bygningar for ålmenta, og vil ikkje gje presedens for hytter og stølshus i privat eige.

Hytta i Finnen har terrasse utfor huset i dag, og har med det ein opparbeidd uteplass. Hytta har ein anna byggestil enn den tradisjonelle byggeskikken for bygningar på gardstun. Ved å utvida terrassen nedanfor hytta, der terrenget heller nedover, vil terrassen verta meir synleg. Slik terrassen er bygd i dag, er den godt tilpassa bygget. Det er berre trappa opp til terrassen som er bygd ut forbi veggen og terrassen.

Hytta vart bygd med terrasse før området vart verna. Eksisterande terrasse gjev såleis ikkje presedens for andre bygningar. Det er fleire hus og hytter i dei busette områda nede ved fjorden som i dag vert nytta som fritidseigedom, og der det kan potensielt koma søknad om terrasse eller utviding av terrasse for å ha sitteplass utanfor bygget. Sjølv om utvidinga av terrassen på hytta i Finnen er eit lite tiltak i seg sjølv, vil det gje presendes for andre saker. Stølshusa og fritidseigedommane i Stølsheimen har enkelt preg som gjer at bygningane er godt tilpassa landskapet. Det er viktig at halda på dette særpreget på bygga i Stølsheimen landskapsvernområde. Da denne saka gjeld ei hytte i busette områder vil den likevel ikkje kunne gi presedens til stølshusa. Fleire og utvida plattingar og terrasser på hus og hytter, dersom ein opnar for slike tiltak, vil gi fleire bygningar med meir hyttepreg. Samla sett for dette landskapsvernområdet vil terrasser knytt til hytter og hus kunne endra karakteren på landskapet, og med det vera i strid med verneføremålet. Når ein skal vurdere om dispensasjon skal bli gitt må ein ta ei skjønsmessig vurdering. Då er det også relevant å vurdere behovet for tiltaket opp mot tiltaket si påverknad på verneføremålet og verneverdiane. Sidan søkjar alt har ein terrasse som kan nyttast til fritidsføremål, vert behovet for utviding lite i forhold til at det vil skape presedens for tilsvarende saker. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn av det ikkje er heimle for å gje løyve til å utvida plattingen med heimel i naturmangfaldlova § 48.

Nml. §§ 11-12 er ikkje vurdert for utviding av terrassen, då det er innstilt på avslag på søknaden.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for å vurdere søknaden om å skifta vindauga.

Utskifting av vindauga er planlagt gjennomført med same materiell som er i bygget i dag. Vindauga vert utvida med inntil 20 cm i høgda. Det er om lag same storleik som er i austveggen på hytta. Denne utvidinga vil berre gje ein liten fasadeendring. Forvaltar vurderer tiltaket som ein miljømessig bra metode for dette tiltaket jf. nml § 12.

## Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-10, meiner forvaltar utviding av terrassen vil skapa presedens for tilsvarende saker, og samla sett vil det ha verknad på landskapets art og karakter, og er med det i strid med verneføremålet for Stølsheimen landskapsvernområdet. Forvaltar innstilling på avslag i saka med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt IV nr. 1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Forvaltar tilrår at vindauga i nordveggen på bygget kan skiftast ut med vindauga som er 20 cm. høgare enn eksisterande vindauge. Dette tiltaket vil ikkje gje vesentleg endring på fasaden på bygget, og er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet, eller vera til skade på verneverdiane. Tiltaket vert tilrådd med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.